



Arkivnr: 2019/307-21  
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019

### Tilskot til viltformål 2019

#### Samandrag

Det ligg føre forslag til fordeling av tilskot til viltformål i 2019 - under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar. Målgruppe er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersonar.

Det har kome i alt 17 søknader, der 7 er hjortevilttiltak og 10 er andre, lokale vilttiltak. Det er i alt søkt Hordaland fylkeskommune om tilskot på ca 1 million kroner. Hordaland fylkeskommune har i år fått kr 400.000 til fordeling frå det statlege viltfondet, som vert føreslått fordelt på 11 av søknadane som vist i tabellen i føreslåtte vedtak i saka.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er løyvd av Miljødirektoratet. Midlane står på bunde driftsfond som utelukkande kan forvaltast til viltformål, jf. Forskrift om kommunale viltfond m.m. § 2.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Tilskot til viltformål bidreg til god forvaltning av dei hausbare viltartane, som igjen gir godt grunnlag for jakt og naturopplevingar.

**Regional planstrategi:** I planstrategien (s. 25) står det: Biologisk mangfald er stort i fylket og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut i frå økologisk synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi.

**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler følgjande tilskot til vilttiltak i 2019, under vilkår som vil framgå av tilsegnsbrev.

Nr	Søkjar	Tiltak	Tilskot
		<b>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</b>	
1	NINA	FriKalv	50 000
2	Bergen kommune	Kartlegging av aldersfordeling av hjort	50 000
3	Norsk Hjortesenter	Viltseminar 2019	25 000
4	Vestskog SA	Forprosjekt - Leve med hjort	0
5	Vestskog SA	Fagsamling for bestandsplanområda	0
6	Vestskog SA	Kommunesamarbeid hjorteforvaltning 2019-2020	25 000
7	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-prosjektet på HV&NF -Ferdseil HV	0
		<b>Lokale vilttiltak m.v.</b>	
8	NINA	En levende kyst Samspill oter, mink og sjøfugl	30 000
9	NINA	Raudrev på Hardangervidda	35 000
10	Universitetet i Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	0
11	Universitetet i Sørøst-Norge	Fødselstid hos bever i Sør-Norge	0
12	Nni Resources AS	Bestand og bestandstetthet hos orrfugl i lynghei	66 000
13	Nni Resources AS	Virkninger av introduserte fiskearter på vannfugler	43 000
14	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	45 000
15	NJFF-Hordaland	Ungdomskontaktsamling med jaktkurs	16 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	15 000
17	NIFF	Tiltak for tilgjengeliggjøring av naturinformasjon	0
<b>Sum vilttiltak (kr)</b>			<b>400 000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Omtale og vurdering av søknader om tilskot til viltformål 2019

## Fylkesrådmannen, 03.06.2019

### 1 Bakgrunn

Fylkeskommunen har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, med visse unntak. Ei av oppgåvene er å fordele tilskot til viltformål på området. Tilskotsmidlane har opphav i innbetalte jeger- og fellingsavgifter til det statlege viltfondet.

På nasjonalt nivå vart forvaltningsansvaret på området overført frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet i 2018. Departementet har i forventningsbrev til fylkeskommunane på landbruks- og matområdet, datert 29.01.2019, nemnt fylkeskommunen sitt ansvar for å tildele tilskotsmidlar til viltformål under Statsbudsjettet kapittel 1140 (Haustbare viltressursar) post 71 (Tilskot til viltformål). Midlane på posten er retta mot auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av viltressursane. I departementet sitt brev er det også vist til overføringsbrev frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane. Overføringsbrevet er datert 28.03.2019. Tilskot skal tildelast etter forskrift om tilskot til viltformål, frå 1. januar 2019, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet.

Regjeringa har, ifølgje departementet sitt brev 29.01.2019, som mål å auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar. Departementet nedsette hausten 2018 ei arbeidsgruppe med mandat til å utarbeide ein handlingsplan for ei heilskapleg satsing på næringsutvikling basert på haustbare viltressursar. Arbeidsgruppa bestod av partane i jordbruksoppgjæret, skogbruksorganisasjonane og Norges Jeger- og Fiskerforbund. Miljødirektoratet deltok i sekretariatet for gruppa, saman med Innovasjon Norge og Landbruks- og matdepartementet. Arbeidsgruppa la 14.03.2019 fram rapporten «Handlingsplan for næringsutvikling basert på høstbare viltressursar». Departementet legg til grunn at fylkeskommunen sitt arbeid innan haustbare viltressursar vert sett i samanheng med fylkeskommunen sitt øvrige næringsutviklingsarbeid, og at fylkeskommunen legg til rette for eit godt samarbeid med Innovasjon Norge, Miljødirektoratet og Fylkesmannen der det er relevant.

Tilsvarande sak i fjor vart handsama på møtet i KIRU 24. april, sak PS 51/2018.

### 2 Søknader i 2019

Søknader må fremjast i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet innan 15. januar. Det kom i alt 17 søknader til Hordaland fylkeskommune, der 7 av søknadane er *hjortevilttiltak* og resten er *andre lokale vilttiltak m.v.* Oversikt over søknadane er vist i tabell 1. Føreslåtte fordeling av tilskot er gjort etter samordna søknadsbehandling med tilskotsmidlar til vilt- og fiskeformål som Fylkesmannen i Vestland fordelar, og tilskotsmidlar til friluftaktivitet som fylkeskommunen fordelar, jf. forventning om samordna søknadsbehandling i Prop. 1 S.

Det er omtale, vurdering og konklusjon for den enkelte søknad i vedlegg 1, der søknadane har same rekkefølge og nummerering som i tabell 1. Vedlegg 1 er såleis ein del av saka. I omtalen av den enkelte søknaden i vedlegg 1 er det i større eller mindre grad brukt tekst frå prosjektskildringane. Nokre av søknadane er korte og utan vedlegg, men andre er meir omfattande med vedlegg.

**Tabell 1: Søknader om tilskot til viltformål i 2019. Kolonnene til høgre viser total kostnad for prosjektet, omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune og føreslått tilskot. Alle tal er i kroner. For forklaring av namneforkortingar i kolonna «Søkjar», sjå vedlegg 1 med omtale og vurderingar av den enkelte søknad.**

Nr	Søkjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Hfk	Tilskot Forslag
		<b>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</b>			
1	NINA	FriKalv	129 500	129 500	50 000
2	Bergen kommune	Kartlegging av aldersfordeling av hjort	90 000	60 000	50 000
3	Norsk Hjortesenter	Viltseminar 2019	398 420	25 000	25 000
4	Vestskog sa	Forprosjekt - Leve med hjort	75 000	75 000	0
5	Vestskog sa	Fagsamling for bestandsplanområda	80 000	50 000	0
6	Vestskog sa	Kommunesamarbeid hjorteforvaltning 2019-2020	160 000	160 000	25 000
7	Norsk Villreinsenter Sør	GPS-prosjektet på HV&NF -Ferdsl HV	1 780 000	60 000	0
		<b>Lokale vilttiltak m.v.</b>			
8	NINA	En levende kyst Samspill oter, mink og sjøfugl	586 000	30 000	30 000
9	NINA	Raudrev på Hardangervidda	175 000	35 000	35 000
10	Universitetet i Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	2 439 406	40 000	0
11	Universitetet i Sørøst-Norge	Fødselstid hos bever i Sør-Norge	327 600	145 600	0
12	Nni Resources AS	Bestand og bestandstetthet hos orrfugl i lynghei	76 000	66 000	66 000
13	Nni Resources AS	Virkningar av introduserte fiskearter på vannfugler	43 600	43 600	43 000
14	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	142 000	47 000	45 000
15	NJFF-Hordaland	Ungdomskontaktsamling med jaktkurs	45 000	20 000	16 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	34 000	15 000	15 000
17	NIFF	Tiltak for tilgjengeliggjering av naturinformasjon			0
<b>Sum hjortevilttiltak (kr)</b>			<b>2 712 920</b>	<b>559 500</b>	<b>150 000</b>
<b>Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)</b>			<b>3 868 606</b>	<b>442 200</b>	<b>250 000</b>
<b>Sum alle tiltak (kr)</b>			<b>6 581 526</b>	<b>1 001 700</b>	<b>400 000</b>

### 3 Tilskotsmidlar i 2019

Hordaland fylkeskommune fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 28.03.2019 kr 400.000 til fordeling på søknader om tilskot til viltformål. Det er same løyving som i fjor. Tilskotsmidlane skal stå på bunde driftsfond som utelukkande kan brukast til viltformål, men kan overførast til seinare år, jf. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond. Til disposisjon for viltformål i 2019 er det ca kr 397.000, når det er trekt frå tilsegner som er gitt tidlegare år som enno ikkje er søkt utbetalt.

### 4 Tildelingskriterium

Formålet med tilskotsordninga er, jf. *Forskrift om tilskudd til viltformål* (§ 1), å bidra til ei forvaltning som fremjar eit haustingsverdig overskot av viltet. Innanfor denne ramma, skal ordninga leggje til rette for rekruttering og verdiskaping basert på jakt og fangst som del av friluftslivet.

#### **Tildelingskriterier (jf. forskrift om tilskudd til viltformål § 2)**

Frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og enkeltpersoner kan få tilskot til

- tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst
- informasjon om jakt og høve til jakt
- kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar

- d) innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova
- e) oppretting og drift av lokale samarbeidsråd
- f) deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid
- g) forvaltningsretta forskning og overvaking

Søknader om tilskudd til tiltak som inngår som en del av et planmessig arbeid vil bli prioriterte.

I Prop. 1 S, kapittel 1140 post 71 (Tilskot til viltformål), står det meir utfyllande om tilskotsordninga. Midlane under posten er retta mot både auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av viltressursane. Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at produktiviteten og mangfaldet i naturen blir tekne vare på nasjonalt og regionalt. Tiltaka som blir sette i verk, skal medverke til å gje eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar eller om korleis dei kan haustast på beste måte. Som supplerings- og tildelingskriteriane vist over, blir det, jf. Prop. 1 S, gitt tilskot til organisering, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål.

Post 71 (Tilskot til viltformål) er blant anna inndelt i underpostane *Hjortevilttiltak* (post 71.1) og *Lokale vilttiltak mv.* (post 71.3). Midlane på underpost 71.1 (Hjortevilttiltak) skal dekkje tiltak i samband med forvaltning av hjortevilt. Midlane blir nytta til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskott til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Midlane på underpost 71.3 (Lokale vilttiltak mv.) skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innanfor viltforvaltninga.

Ettersom Fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor forvaltningsområdet sitt er det eit krav om god samordning av bruken av midlane. I Miljødirektoratet sitt overføringsbrev til fylkeskommunane, datert 28.03.2019, er det presisert at forvaltningsansvaret for grågås og kortnebbgås framleis ligg hos Fylkesmannen. For fylkeskommunen dekkjer post 71.3 tiltak knytt til forvaltning av hjort, elg og rådyr, og særleg tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar med meir.

#### *Handlingsplan for næringsutvikling basert på hausbare viltressursar*

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruks- og matdepartementet, leverte 14.03.2019 rapporten «Handlingsplan for næringsutvikling basert på hausbare viltressursar». I rapporten er det lista opp ei rekkje tiltak som offentlege myndigheiter kan bidra med, blant anna at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør kan tilretteleggje og koordinere satsing på jakt, jaktturisme og næringsutvikling basert på utmarksressursane. Dette omfattar tilbod både for auka rekruttering, kommersiell tilrettelegging for jakt og auka tilgjenge, omsetjing og foredling av viltkjøt regionalt.

### **5 Om tilskotsprioriteringar i Hordaland**

Fylkeskommunen har hatt ansvar for fordeling av tilskotsmidlar til viltformål frå og med 2010. Det er ikkje utarbeidd nokon eigen viltstrategi for fylkeskommunen, eller retningslinjer for kva tiltak som evt. bør prioriterast. Så langt er det gitt vel tre gonger så mykje tilskot til hjortevilttiltak som til andre vilttiltak. Hordaland er eit stort hjortefylke og tilhøyrande forvaltning er omfattande og krevjande for kommunane og jaktrettshavarane.

Det er i all hovudsak jaktuttaket som er bestemmande for bestandstettleiken og kjønns- og aldersfordelinga i hjortebestandane. Ved revisjonen av hjorteviltforskrifta i 2002 vart ansvaret for fastsetting av minsteareal for jakt på hjort, elg og rådyr overført frå Fylkesmannen til kommunane. Fastsetjing av minstearealet er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleiken.

Ved revisjonen av hjorteviltforskrifta i 2012 vart kommunane pålagt å vedta mål for utviklinga av bestandane av hjort, elg og rådyr, der det er opna for jakt på arten/artane. Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane. Hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg skal vere bruk av bestandsplan. Kommunen skal legge til rette for og stimulere jaktrettshavarane til å planlegge ei god, målretta bestandsforvaltning gjennom utarbeiding av bestandsplan. I den samanheng er det ei av kommunen sine oppgåver å stimulere til etablering av føremålstenlege vald, bestandsplanområde og bestandsplanar, uavhengig av kommune- og fylkesgrenser. Hjorteviltforskrifta (§ 4) seier at kommunane bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandane når det er føremålstenleg å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan påleggje kommunar å inngå i eit slikt samarbeid dersom det vert sett som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige omsyn på eit regionalt nivå.

#### *Hjortevilttiltak (hjort, elg, rådyr)*

I åra 2010-2013 gav Hordaland fylkeskommune mest tilskotsmidlar til GPS-merkeprosjektet «Hordahjort» – der målet var å få meir kunnskap om hjortetrekk og kva som kan vere føremålstenleg form og storleik på forvaltningsområde for hjort i forhold til bestandsforvaltning. I prosjektet vart det utarbeidd eit kart med forslag til inndeling av fylket og tilgrensande areal i ca 20 «bestandsplanområde» for hjort. Det vil seie at dei fleste av dei føreslåtte «bestandsplanområda» er større enn kommunane, og nokre omfattar fleire kommunar.

Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2018», i regi av Vestskog, har vore eit naturleg oppfølgingsprosjekt etter «Hordahjort», for hjelp på grunneigarsida til å etablere hensiktsmessige bestandsplanområde for hjort og utarbeide tilhøyrande bestandsplanar. Hordaland fylkeskommune fekk øyremerkte tilleggsløyving frå Miljødirektoratet i åra i 2014-2016 for å kunne støtte prosjektet ekstra. Prosjektet har også fått tilskot frå Miljødirektoratet direkte, og indirekte via Norsk Hjortesenter. I tillegg har både prosjektet «Hordahjort» og «Forvaltning av hjortebestand» vore gjennomført i spleiselag med kommunane, der kommunane har brukt midlar frå det kommunale viltfondet.

Erfaringa i 2019, etter at prosjektet Forvaltning av hjortebestand er avslutta (sluttrapport levert 08.05.2019), er at arbeidet med etablering av slike store «bestandsplanområde» over kommunegrenser i mange tilfelle har møtt på ein del administrative utfordringar i kommunane. Fylkeskommunen har heller ikkje klare signal frå Miljødirektoratet om å vere pådrivar for etablering av slike store «bestandsplanområde». Spesielt etter at Fylkesmannen i Vestland i februar i år, i ei klagesak, oppheva bestandsplanen for det nye, store «Ytre Hardangerfjord Vest» «bestandsplanområdet», og ut frå rettleiinga i Fylkesmannen sitt brev der, så må nok prosessane framover med å få etablert slike større «bestandsplanområde» verre meir lokalt forankra, noko som vil ta meir tid for å finne gode tilpassingar lokalt.

#### *Andre lokale vilttiltak m.v.*

Søknadane er av svært ulike typar og ulikt omfang, og det vert viktig med vurdering opp mot mål med tilskotsordninga. For fylkesovergripande prosjekt kan det vere søkt om tilskot frå fleire eller mange fylkeskommunar, og i nokre tilfelle også frå fleire fylkesmannsembete, Miljødirektoratet og andre. I slike prosjekt vil gjerne omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune berre utgjere ein mindre del.

Fleire av søkjarane, som Norsk Hjortesenter, NINA og Norges Jeger- og Fiskerforbund, får eigne løyvingar, (med opphav i midlar frå det statlege viltfondet), for å gjere arbeid innanfor definerte oppgåver, med rom for eigne prioriteringar. Desse søkjer i tillegg gjerne vilttilskot frå fylkeskommunen, og vil gjerne då stå sterkt grunna god kompetanse og gjerne ein del eigenfinansiering i prosjekta.

#### *Viltkartlegging*

Fleire av søknadane i år gjeld viltkartlegging. Viltkartlegging, og innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar, er tiltak som kan støttast, sjå bokstav c og d under tildelingskriteriane over. Her er situasjonen blant anna at DN-håndbok 11 «Viltkartlegging» er utdatert, og eignar seg ikkje lenger til bruk i samband med t.d. konsekvensutgreiingar. Det er i staden Statens vegvesen si handbok V712 som no er utgangspunkt for verdivurdering av vilt, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1324/2019. Der er

det oversikt per 1. april 2019 over anerkjent metodikk og databasar for innlegging av data i samband med konsekvensutgreiingar.

Miljødirektoratet sin rapport M-1305/2019 «Faggrunnlag – Anna dyreliv» utgjer underlagsdokument til nasjonal ramme for vindkraft, og seier ein del om kva som er viktig å prioritere i viltkartlegginga i den samanheng.

## **6 Vurderingar etter Naturmangfaldlova**

I følgje naturmangfaldlova § 7 skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 vurderast ved utøving av offentleg mynde som påverkar naturmangfaldet, medrekna tildeling av tilskot. I naturmangfaldlova § 5 (forvaltningsmål for artar) er målet at artane og deira genetiske mangfald skal ivaretakast på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet skal også artane sine økologiske funksjonsområde og dei andre økologiske føresetnadene som dei er avhengige av ivaretakast. Dette forvaltningsmålet gjeld ikkje for framande organismar.

Eit formål med tilskotsordninga til viltformål, er nettopp å bidra til god miljøstatus for viltet. Alle tiltaka som er vurdert i saka vert vurdert som positive i forhold til forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova.

## **7 Oppsummering**

Under forvaltninga av haustbare, ikkje truga viltartar, har Hordaland fylkeskommune i år fått ei løyving på kr 400 000 til fordeling på søknader om tilskot til viltformål. I saka er det føreslått at heile løyvinga vert fordelt på 11 av dei i alt 17 søknadane om tilskot, som vist i tabellen i føreslåtte vedtak i saka. Det er vedlagt omtale og vurdering av den enkelte søknad. Det bundne, fylkeskommunale viltfondet vil etter fordelinga vere omtrent i balanse.